

KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffing etter del I
for anskaffing/reperasjon av
Kosdalssvingane

Innhold

1	GENERELL SKILDRING	3
1.1	Om oppdragsgivar	3
1.2	Skildring av oppdragsgivar sine behov	3
1.3	Tidsfristar	3
1.4	Avtaleform	4
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	4
2.1	Anskaffingsprosedyre	4
2.2	Offentlegheit og teieplikt	4
2.3	Frist for å vedstå	4
3	TILDELINGSKRITERIUM	4
4	INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING	5
4.1	Innlevering av tilbod	5
4.2	Utforminga av tilbodet	5
5	VEDLEGG	5

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Om oppdragsgivar

Heradsstyret i Osterøy kommune har vedteke midlar til å reparere delar av Kossdalssvingane, meir presist parti på støttemurane til vegen. Det gjer at vi no utlyser konkurranse for å henta inn prisar på å få arbeida prosjektert og utført.

Oppdragsgivar sine kontaktpersonar er:

Namn:	Andreas Sylta
e-post	Andreas.sylta@osteroy.kommune.no
Telefon	46 28 01 42

Namn:	Linda Svidal Nordås
e-post	Linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no
Telefon	41 50 82 06

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktperson.

1.2 Skildring av oppdragsgivar sine behov

Oppdragsgivar si skildring av leveransen følger av vedlegg 1, kravspesifikasjon.

1.3 Tidsfristar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Synfaring. Det er ikkje lagt opp til nokon felles synfaring. Dersom nokon ynskjer synfaring på plassen kan det avtalast med Andreas Sylta eller Linda Svidal Nordås.	Innan 15. september.
Tilbudsfrist	30.09.2023
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Veke 40
Kontraktsinngåing	Veke 42
Frist for å vedstå tilbodet	90 dagar
Leveranse	Innan 30. mars 2024

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbudsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av fristen for å vedstå tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

1.4 Avtaleform

Tilbudet vert akseptert/ikkje akseptert i form av brev frå oppdragsgjevar.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med «*Lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016*» (LOA) og «*Forskrift om offentlige anskaffelser*» (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar/retting av feil i tilboda. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbudet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt per telefon eller e-post til kontaktperson.

2.2 Offentlegheit og teieplikt

For å lmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentlig anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.3 Frist for å vedstå

Leverandøren må vedstå seg tilbudet sitt til det tidspunktet som er oppgitt i pkt. 1.3 ovanfor.

3 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på desse kriteria angitt i prioritert rekkjefølgje:

Kriterium	Dokumentasjon
Pris 70% <ul style="list-style-type: none">• Under dette kriteriet vurderer ein:<ul style="list-style-type: none">- tilbydd pris	<ul style="list-style-type: none">• Tilbod som vert sendt inn
Kvalitet 30% <ul style="list-style-type: none">• Under dette kriteriet vurderer ein:<ul style="list-style-type: none">- Dokumentert kompetanse som tradisjonshandverkar.- Løysingsforslag	<ul style="list-style-type: none">• CV/Oversikt over arbeid utført som tradisjonshandverkar• Løysing og spesifisering av reparasjonsarbeidet• Tidsrom vegen eventuelt må stengast og korleis vegen vert sikra for publikum i arbeidsperioden.

Kriterium	Dokumentasjon
- Gjennomføringsplan og eventuelt behov for å stenge/sikre vegen i perioden.	

4 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING

4.1 Innlevering av tilbud

Tilbudet skal leverast per e-post til desse adressene: linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no, med kopi til andreas.sylta@osteroy.kommune.no

4.2 Utforminga av tilbudet

Det blir bedd om at tilbudet blir utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt blir svarte på / belyste og dokumenterte i tilbudet.

Tilbudet skal minimum innehalde:

- Signert og utfylt tilbodsbrief og tilbud.
- Løysingsspesifikasjonen til leverandøren. Leverandøren sitt svar på kravspesifikasjonen til oppdragsgjevar med etterspurd dokumentasjon
- CV/oversikt over arbeid utført som tradisjonshandverkar

5 VEDLEGG

- Kravspesifikasjon
- Retningslinjer for vedlikehald av Kossdalsvegen